
Saksnr: 2021/49852-5
Saksbehandlar: Morten Sivertsen
Lygresten

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021

Søknad om ruteløyve - Flåm til Myrkdalen - org.nr: 989 493 183

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 12.10.21 frå Flåm Bilutleie AS, org.nr 989 493 183, på følgjande vilkår, pkt 2-6.
2. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte rutetilbodet likeverdig med andre.
3. Vestland fylkeskommune kan på kort varsel påleggje Flåm Bilutleie AS å gjere tilpassingar i bruken av haldeplassar med vidare.
4. Flåm Bilutleie AS skal sende rutedata til Entur AS etter retningslinene i Jernbanedirektoratet si Håndbok N801 v2.
5. Flåm Bilutleie AS skal endra fyrste avgangstidspunkt til 08:15, slik at dei ikkje kjem i konflikt med andre aktørar.
6. Vestland fylkeskommune oppmodar til bruk av miljøvennlege køyretøy.

Samandrag

Flåm Bilutleie AS (org.nr: 989 493 183) har av dato 12.10.2021 søkt om ruteløyve for strekninga Aurland - Myrkdalen. Søknaden har som mål å betre rutetilbodet i frivekene og på helg. Fylkesdirektøren finn at det kan være positivt for det lokale næringslivet, folkehelsa og den lokale befolkninga i området, om den omsøkte rutetransporten ver etablert. Fylkesdirektøren rår difor til at søknaden vert imøtekomen.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Flåm Bilutleie AS (org.nr: 989 493 183) har i brev av dato 12.10.2021 søkt om ruteløyve frå Aurland til Myrkdalen. Den omsøkte ruta vil gå imellom Aurland kommune og Voss Herad kommune.

Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka på grunnlag av ei 'behovsprøving' I følgje Samferdselsdepartementet («SD») tyder dette at ein skal vurdere om det omsøkte tilbodet er «samfunnsøkonomisk rasjonelt».

Fylkesutvalet sitt vedtak vil vere eit einskildvedtak med klagerett. Ein skal grunnkje einskildvedtak. Reglane om forvaltningsvedtak finn ein i forvaltningslova. Dersom fylkesutvalet gjer vedtak i samsvar med innstillinga, legg ein til grunn at grunngevinga er fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Dersom fylkesutvalet endrar vedtaket, bør fylkesutvalet såleis grunnkje dette.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå Hovudutval frå samferdsel og mobilitet, å tildele behovsprøvd løyve/ruteløyve for persontransport med motorvogn. Heimelen for dette finn ein i Reglement for folkevalde organ og delegering Vestland fylkeskommune, Reglement for delegering etter særlov, Pkt 30 yrkestransportlova, § 13 jfr § 6.

Saksopplysningar

Flåm Bilutleie AS (FB) ynskjer å gje eit supplerande tilbod om rutetransport frå Aurland til Myrkdalen. Dei har presisert at dei ynskjer at den omsøkte ruta har si oppstart 22.12.2022 og primæraktiviteten skal være i perioden desember til mai.

Frå presentert rutetabell har dei lagt frem følgjande stoppestader: Aurland - Flåm - Gudvangen Fjordtoll - Haugsvik - Oppheim - Vinje - Myrkdalen Vest - Myrkdalen.

Ruta er tiltenkt med to avgangar frå Aurland og to avgangar frå Myrkdalen. Starttidspunkt for fyrste ruta (Aurland) er 08:00 og starttidspunkt for den fyrste returen (Myrkdalen) er 09:30. Ruta vil gå onsdag - søndag i uke 51/52 i 2021 og uke 7/8/15 i 2022. Det vil være køyring i helg (laurdag/søndag) i heile perioden 22.12.2021 - 01.05.2022.

Som planlagt takstregulativ ynskjer FB at NOK 50,- er den lågaste taksten for den kortaste distansen og NOK 195,- for den lengste distansen. Om man førehandsbestiller billettane på nett gis det 10% rabatt på alle billettar.

Transporten skal gjennomførast med minibuss, med plass til 16 passasjerar.

Pr d.d har NOR-WAY Bussekspress (org.nr: 987 263 059) ein rute som startar ved Sogndal Skysstasjon og har sitt endestopp ved Haukeland sjukehus. På Norway Bussekspress si rute, så passera dei stoppet «Aurland» på omtrent same tidspunkt (07.55) som FB ynskjer å starte (08:00). Vidare korrespondanse til Myrkdalen for dei som nyttar Norway Bussekspress er frå Vinje klokka 12:50. På ettermiddagsruta passerer Norway Bussekspress «Aurland» klokka 14:51.

På returen frå Myrkdalen til Aurland kan Fylkesdirektøren ikkje sjå at det er andre aktørar som transporterar innan same tidsrom.

Transporten utførast på kontrakt med Norways Best (tidl. Flåm AS).

Vurdering og verknader

Det er eit mål i Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune å leggje til rette for berekraftig private næringsliv, og dermed for busetjinga i distrikta.

Skyss/Kringom hadde ingen merknader til den omsøkte ruta.

NOR-WAY Bussekspress hadde ingen merknader til den omsøkte ruta

Aurland kommune hadde ingen merknader til den omsøkte ruta

Voss kommune hadde ingen merknader til den omsøkte ruta

Fylkesdirektøren finn på grunnlag av ovannemnde at det er grunn til å tru at det i utgangspunktet vil vere samfunnsøkonomisk rasjonelt å la ei privat verksemd stå for det planlagde tilbodet for eigen risiko, såframt ein tek omsyn til omstenda som er nemnde under.

Det er etter Fylkesdirektørens si vurdering at FB endrar avgangstida på fyrste avgang frå 08:00 til 08:15, slik at dei reisande får eit betre tilbod.

Det er presedens i fylkesutvalet å stille krav til kommersielle ruteløyvehavarar om tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar. Fylkesdirektøren rår difor til at dette vert teke inn som vilkår for eit eventuelt ruteløyve.

SD har fastsett at fylkeskommunen og andre som driv rutetransport skal offentleggjere ruteplan ved innsending av rutedata til Entur AS, etter reglane i Jernbanedirektoratet si Håndbok N801 v2. Fylkeskommunen kan påleggje dei kommersielle aktørane å gjere dette sjølve. Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det vil vere ein føremon at fylkeskommunen skal vere eit mellomledd i rapporteringa, og finn det tenleg at dei kommersielle aktørane rapporterer direkte til Entur. Dette vert difor teke inn som eit vilkår i forslaget til innstilling.

Økonomi:

Ingen verknader

Klima:

Kan ha positiv effekt med eit betre rutetilbod, slik at folk nyttar kollektivtransport i staden for å nytta eigen bil.

Folkehelse:

Kan ha positiv effekt med at folk kjem seg meir ut og brukar kroppen aktivt i samband med frivekene og helgene.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Positive verknader. Kan vere positivt for den lokale sysselsettinga og mobilitet.

Konklusjon

På grunnlag av vurderinga over, rår fylkesdirektøren til at den aktuelle søknaden frå Flåm Bilutleie AS (org.nr: 989 493 183) vert imøtekomen på dei vilkåra som går fram av forslaget til innstilling.